

# Referat frå ressursgruppemøte for Læringsnettverket

Dato: 10.11.2021 Stad: Teams

| Sak: | Agenda/Tema:  | Status/konklusjon:   | Konklusjon/<br>ansvar og tidsfrist:  |
|------|---|--|--|
| 1.   | <b>Presentasjon og godkjenning av agenda</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kort presentasjonsrunde.</li> <li>Gjennomgang av agenda.</li> </ul> <p><b>Hovudsaka på dette møtet</b><br/>er å starte planlegginga av prosjektstøtte, møtestruktur og øvrige fokusområdet og aktivitetar i læringsnettverket for 2022. Men vi startar med Anette frå UIB, sia ho berre har moglegheit til å delta den første halvtimen av dette møtet.</p>   | <b>Konklusjon:</b><br>Agenda godkjent  |
| 2.   | <b>Ønskje frå UIB om å knyte fleire masterstudentar til utviklingsprosjekta i nettverket, og spørsmål om det er nokon som har moglegheit til å bidra med rettleiing.</b><br><br><b>Det vert reist spørsmål om kva ein kan forvente at dei ulike kompetansemiljøa skal bidra inn med, jamfør spørsmålet om rettleiing til masterstudentar frå UIB.</b> | <p>Anette frå UIB orienterer om at det er 37 masterstudentar som skal skrive masteroppgåve hausten 2022. Per no er det fem masterstudentar knytt opp til utviklingsprosjekt i Læringsnettverket, dette har fungert bra så langt. Anette seier at dei gjerne ynskjer fleire slike samarbeid, og spør om det er nokon frå dei andre kompetansemiljøa som eventuelt har kompetanse og kapasitet til å gje rettleiing til masterstudentar som ynskjer å skrive si oppgåve med utgangspunkt i utviklingsprosjekta i læringsnettverket. Særlig aktuelt i dei prosjekta som dei ulike kompetansemiljøa er tettast på. Rettleiinga kan i så tilfelle avtalast som eit samarbeid med UIB eller med UIB som bi-rettleiar. Om ein får fleire studentar inn på utviklingsprosjekt kan dette også bidra med god ressursar og kapasitet inn i utviklingsprosjekta for eksempel til kunnskapsoppsummeringar, evalueringar eller data innsamling i form av intervju eller fokusgrupper.</p> <p>Dersom andre kompetansemiljø skal ha ansvaret for rettleiing av masterstudentar, kan det være lurt å tenke på dette tidleg i prosessen med utarbeiding av prosjektskisse og søknad om stimuleringsmidlar slik at dette blir inkludert i samarbeidsavtalar og budsjett.</p> <p>Dette er ein open invitasjon frå UIB og ein oppmoding om å være oppmerksam på denne moglegheita for å knytte studentar til utviklingsprosjekta, samt vurdering av kapasitet for rettleiing av studentane. Dei som var til stades på møtet blei oppmoda om å drøfte dette utspelet internt i eigne organisasjonar, og melde tilbake til Anette ved UIB.</p> <p>Dette med ulike mandat, ansvar og oppdragsbrev er noko vi har snakka om fleire gongar, og som vi i nettverket forsøker å ha både respekt for og merksemld på. Dei ulike aktørane har ulik motivasjon for å delta i læringsnettverket, og ulike rammer og kapasitet for kva dei kan bidra med.</p> <p>Oppdragsbrevet og tilskotsbrevet ligg til grunn for dei aktivitetar kompetansemiljø utfører. Til dømes mottek RKBU tilskotsbrev kvart år der det er eksplisitt skrevet at dei skal</p> | <b>Spørsmål frå UIB:</b><br>Anette frå UIB oppmodar dei andre kompetansemiljøa om å undersøke om dei har aktuelle personar i sine system som kan være interessert i å rettleie masterstudentar knytt til utviklingsprosjekta i nettverket. |

|    |   |  |  |
|----|---|--|--|
|    |   | <p>bidra inn og understøtte det utviklingsarbeidet som kommunane gjer i Læringsnettverket. Dei andre kompetansemiljøa har fram til no ikkje hatt så konkrete formuleringar om å bidra inn i læringsnettverket i sine oppdragsbrev, men har et generelt oppdrag om å understøtte kommunane i deira utviklingsarbeid, og bidra til kompetanseheving. Fleira av aktørane seier at dei opplev at Læringsnettverket er ein nyttig arena for å nå ut til kommunane med ulike tilbod og sin kompetanse. UIB og HVL har ikkje det same mandatet, men ynskjer som dei andre å være tett på praksisfeltet, og meiner at læringsnettverket er ein nyttig arena, samstundes må dei prioritere kor mykje tid dei kan bruke, då det går ut over tid til forsking og førebuing til undervisning. Anette frå UIB understrekar at dei ser samarbeidet med Læringsnettverket som nyttig, særleg med tanke på dette med masterstudentane, men at dei strevar med å ha nok rettleiarar om det vert mange studentar som skal knyte seg til ulike prosjekt.</p>  |  |
| 3. | <p><b>Hovudsaka på dette møtet er å starte planlegginga for 2022, og utarbeide et forslag frå ressursgruppa til prioriteringar og aktivitetar i nettverket og prosjektstøtteriggen som vi kan legge fram for styringsgruppa i neste veke, og vidare for leiarane hjå dei ulike aktørane, og til sist for barnevernleiarane på årsmøtet i januar.</b></p> <p><b>Som innleiing og bakgrunn for denne drøftinga startar vi med ein liten runde kring forventa oppdrag og prioriteringar for det kommande året frå dei ulike aktørane.</b></p> <p><b>Deretter skal vi sjå litt på dei evalueringane og tilbakemeldingane vi har fått frå kommunane og utviklingsprosjekta etter dei arrangementa vi har gjennomført i 2021.</b></p> | <p><b>Statsforvaltaren (SF) ved Bente C</b></p> <p>Statsforvaltaren har motteke sitt førebelse tildelingsbrev, det ser ut til at det i stor grad er dei same forventingane når det gjeld å understøtte kommunane i deira utviklingsarbeid, kompetansesatsinga og arbeid med læringsnettverket som i 2021. Dei økonomiske rammene er ikkje klare enda. Statsforvaltaren ser videre at satsinga på førebyggande arbeid, tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester kring barn og unge held fram. Videre vil Barnevernreforma, lovendringane om samhandling jf. Prop. 100 L og ny barnevernlov ha stor merksemd i 2022. I tilegg vil truleg førebygging av vald og overgrep mot barn og unge, styrking av psykisk helsetilbod til unge kontakt med barnevernet og barn som pårørande være aktuelle tema i året som kjem.</p> <p><b>NUBU - ved Jorid Bjørkås</b></p> <p>NUBU får oppdragsbrev kvart år. NUBU skal halde fram med satsinga «tidleg innsats» saman med Bufetat, med mål om at kommunane skal implementere dette sjølve. Det vert lagt opp til ny terapeututdanning haust 2022. Denne vidareføringa av satsinga passer saman med ideen om den heilskaplege kommunen, på kommunalt nivå. NUBU deltek også i utviklingsarbeidet om hjelpetiltak som Bufdir har tett initiativ til i til kommunar.</p> <p><b>RKBU Vest ved Hanne Cecilie Braarud</b></p> <p>RKBU får tilskotsbrev kvart år som gjer føringar for eiga aktivitet, og under dette samarbeid med Statsforvaltaren om å identifisere og prioritere kommunar som treng mest støtte. Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er sentralt i det meste av RKBU sine aktivitetar. RKBU har søkt om tilskot for 2022 og formidla at dei ønskjer å fortsette inn i læringsnettverket som dei har gjort i 2021.</p> |  |

|    |   |   |   |
|----|---|---|---|
|    |   | <p><b>Barnehuset ved Heidi Eriksen Losnedal</b><br/>     Barnehuset har eit spissa mandat knytt sitt arbeid med barneavhøyr og oppfølging av dei barna som er inne til avhøyr, samt rettleiing og formidling av sitt arbeid. Ut over dette har ikkje Barnehuset noko spesifikt oppdrag knytt til utviklingsarbeid utanfor eigen organisasjon. Heidi seier at dei opplever at Læringsnettverket som ein viktig arena både nettverket i seg sjølv og moglegheita til å formidle sitt arbeid og sin kompetanse ut i kommunane.</p> <p><b>Statsforvalteren ved Bente C.</b><br/>     Dei ulike kompetansemiljøa som er med i Læringsnettverket har ulike mandat, oppdrag og tilskot knytt til seg. Det er ikkje ein forventning om at alle skal bidra likt. Alle kompetansemiljøa vert invitert inn, og bidreg utifrå sitt mandat og kva dei til ei kvar tid har av kapasitet og moglegheit til. Målet er at alle skal oppleve at de får et utbytte av å bidra inn i læringsnettverket, kva ein ser som nyttig kan være avhengig av både mandat, interesse og kva ein treng. Til dømes ein arena for å komme tett på kva som rører seg i kommunane og i barneverntenestene, formidle ut forsking, tilbod, tilgang på informantar til forsking eller spanande student prosjekt.</p>  |   |
| 4. | <b>Gjennomgang av tilbakemeldingar på samlingar fra kommunene 22.-23. september, 13. oktober og 27. oktober</b> | <p><b>Bente C. frå SF gjennomgår kort tilbakemeldingane og innspela vi har motteke frå leiarane og utviklingsprosjekta</b></p> <p>På samlingane i haust har deltakarane gjeve tilbakemeldingar både på sjølvé arrangementa og kva dei meiner er sentrale tema som læringsnettverket bør ha fokus på og sette opp på programma på arrangementa våre. Det same gjeld prosjektleiarane og prosjektgruppene i utviklingsprosjekta. Ei oppsummering av desse tilbakemeldingane vart sendt ut til deltakarane på møtet på førehand, og Bente C. gjekk raskt gjennom hovudtrekka i tilbakemeldingane.</p> <p>Ut frå tilbakemeldingane kan det sjå ut som at sentrale tema for samlingar og prosjektstøtterigg 2022, mellom anna er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• implementering</li> <li>• tverrfagleg samarbeid</li> <li>• førebyggjande arbeid</li> <li>• tenestekatalogane og Barnevernreforma</li> <li>• Implikasjonane av EMD dommane</li> </ul> <p>Bufdir har gjennomført kurs til alle barnevernstilsette knytt til implikasjonane av EMD dommane, samt at dei tilbyr nye kurs både om prosessrettar, forvaltingslov og EMD dommane også i 2022. Av den grunn er det kanskje hensiktsmessig om Læringsnettverket prioriterer andre tema? Kurs, samlingar og informasjon knytt til den nye barnevernlova var også ein av tilbakemeldingane. Det er framleis uklart i kva grad Bufdir vil legge opp til knytt til dette, og kva forventingar som ligg til Statsforvaltarane, dette vil vi komme tilbake til når vi har fått meir informasjon.</p> | <b>Gjennomgang og refleksjon over dei innspela vi har fått.</b> |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | <p>Informasjonsformidling og refleksjon av tverrfagleg samarbeid og lovverk vart framstilt som eit viktig tema. Gjennom auka kunnskap og refleksjon kan dei ulike tenestene få meir tryggleik i sitt arbeid, skape større dialog og betre tenester til barn, unge og deira familiar. Da blir det eit sentralt spørsmål om vi skal halde fram med at læringsnettverket i hovudsak skal innrette seg mot målgruppa vi har hatt fram til no, med leiarar og tilsette som arbeider med utviklingsarbeid i tenestene, eller om vi skal utvide målgruppa til å bli meir tverrfagleg. Det er nokon utfordringar med dette med tanke på at målgruppa då blir mykje større. Det vil begrense kva aktivitetar vi kan legge opp til. Dette er nok ein diskusjon vi må komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Tenestekatalogane har vore eit tema på fleire av samlingane i regi av Læringsnettverket haust 2021. Informasjonsformidlinga har vore noko overordna, fleire melder interesse for å gå litt meir inn i innhaldet i desse. Kanskje særleg den som handlar om hjelpe tiltak, og planen som kommunen skal utarbeide for å forebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.</p> <p>Kommunens plikt til ein plan om førebygging av omsorgssvikt kan og vere eit relevant tema i læringsnettverket. Det var fleire kommunar som gav tilbakemeldingar knytt til korleis ein slik plan skal utførast og kva innhaldet skal vere konkret. Grunnlaget for dette er at det har vore ein lovendring i form av at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet knytt til omsorgssvikt og åtferdsproblem, blant anna for å tydeleggjere at det er kommunen, og ikkje barneverntenesta sitt ansvar åleine.</p> <p>Korus hadde ikkje anledning til å delta på møtet, men sendte på førehand inn nokre innspel etter at dei hadde sett på evalueringane og ynskjeleg frå kommunane. Dei skreiv mellom anna: <i>Vi ser at det fremkom i tilbakemelding fra nettverkssamlingene for lederne at kompetansesentrene gjerne kan formidle seneste forskning i forhold til hva kommunene trenger. Videre fremkom det at kommunene har behov for å koble på helse og rus, og at det er et behov for å ta med hele kommunen i prosessen. Dette er gode moment å ta med videre inn i 2022. Hvordan samhandle mellom tjenester, hvordan forebygge eller være tidlig inn, hvordan styrke nettverket rundt barn i faresona.</i></p> <p>Det gjekk fram av tilbakemeldingane frå kommunane at dei mellom anna ønska at kompetansemiljøa skulle seie meir om kva tiltak kommunane treng basert på forsking.</p> <p>Jorid frå NUBU seier litt om pågående hjelpe tiltaksprosjektet i regi av Bufdir der tre kompetansesenter skal utvikle og prøve ut ein grunnmodell for hjelpe tiltak i det kommunale barnevernet. Det er 10 kommunar med i prosjektet og piloteringa er starta. Prosjektet skal gå ut 2022 og tilbakemeldingane frå både barnevernstilsette og foreldre er gode. Dette prosjektet vert spennande og følgje, og kan jo</p> |  |
|--|--|--|

|    |  |  |  |
|----|--|--|--|
|    |  | <p>være aktuelt å legge fram i nettverket, både erfaringane undervegs og når det ligg føre ein rapport. Kanskje aktuelt å invitere inn ein av kommunane som er med?</p> <p>Elles er jo nettsidene der forsking om ulike førebyggande tiltak er samla aktuelle: Ungsinn: <a href="https://ungsinn.no/">https://ungsinn.no/</a><br/>Forebygging.no: <a href="https://www.forebygging.no/">https://www.forebygging.no/</a><br/>Kanskje vi kan få til noko på dette på Barnevernleiar og læringsnettverkkonferansen som vi skal ha hausten 2022?</p>   |  |
| 5. | <b>Planlegge aktivitetar og arrangement i Læringsnettveket og prosjektstøtteriggen i 2022.</b> | <p><b>Årshjul av aktivitetane i Læringsnettverket</b><br/>Gjennomgang av årshjulet for aktivitetane i 2021<br/><a href="https://www.statsforvalteren.no/contentassets/6db97a0306424d29b2bb5962eb45ed4c/arhjul-for-prosjektstotte-2021-.pdf">https://www.statsforvalteren.no/contentassets/6db97a0306424d29b2bb5962eb45ed4c/arhjul-for-prosjektstotte-2021-.pdf</a><br/>Er det noko som bør justerast? Er det noko som ikkje har fungert slik vi hadde tenkt? Har vi fått tilbakemeldingar på behov som ikkje vi har klart å møte med dei tilboda vi no gjev utviklingsprosjekta?</p> <p><b>Spørsmål frå RKBU ved Hanne Cecilie Bruaad</b><br/>Tilbod om rettleiing til dei som har fått prosjektstøtte vert no gitt i februar. Kan august vere eit betre tidspunkt sett i forhold til oppstart av nye prosjekter? Ønskjeleg med refleksjon kring dette. Kommentar frå Bendte C. frå SF, ja dette er et viktig spørsmål. Vanskeleg å treffe alle prosjekta på rett tidspunkt, fordi de arbeider i ulikt tempo, men vi legger jo opp til søknadsfrist 1. juni og at kommunane får utdelt nye prosjektmidlar før sommarferien i 2022. Da kan kanskje tidleg haust være eit godt tidspunkt?</p> <p>Einigkeit om å helde fram med aktivitetar vi har etablert no i prosjektstøtteriggen også i 2022, vi har fått gode tilbakemeldingar på dei aktivitetane vi har hatt.<br/>Det blir som før opp til prosjekta og nyttiggjere seg dei tilboda dei treng og ynskjer. Noko vil skal forsøke å få til for det kommande året er å datofeste alle aktivitetane på starten av året, og sende informasjonen ut til prosjekta slik at det blir meir føreseieleg og lettare å planlegge deltaking.</p> <p><b>Rettleiing til prosjektleiar/prosjektkoordinatorar</b><br/>RKBU har gjennomført grupperettleiing for prosjektkoordinatorar/prosjektleiarar, samt at Statsforvalteren drifta prosjektleiarforum, med fire digitale møter i 2021. Tilbakemeldingane frå deltakarane har vore at dei ønskjer desse aktivitetane og at møtepunkta bidreg til lågare terskel for å dele erfaringar mellom dei ulike prosjekta, samt at det er bra å få rettleiing når ein kan kjenne seg litt einsam eller usikker som prosjektleiar. Vi har fått nokre innspel på at det kan bli tydlegare kva som er føremål og skilnad på dei to aktivitetane og at det hadde vore bra om det var kjent tidlegare når aktivitetane er planlagt slik at fleire kan delta. Det er derfor viktig at RKBU og Statsforvalteren samarbeider kring planlegging av aktivitetane og koordinerer seg knytt til innhald og tidspunkt. Bente C vil ta kontakt med Unni ved RKBU for å gjøre desse avklaringane.</p> | <p><b>Konklusjon</b><br/>Bente C legg inn forslag til aktivitetar i årshjul for prosjektstøtteriggen 2022, og legg denne fram for styringsgruppa i neste veke. Sender deretter ut forslag til alle som sitt i styringsgruppa og ressursgruppa slik at de kan sjå på tidspunkt og eventuelt komme med forslag til justeringar før vi legg denne fram på årsmøtet og leiarane i dei organisasjonane som skal bidra med ressursar inn i arrangementa.</p> |

|    |  |  |
|----|--|--|
|    | <p><b>Temasamlingar</b></p> <p><b>Tema til temasamlingane for utviklingsprosjekta</b><br/>Forslag til tema for temasamlingane er implementering og lovverk knytt til tverrfagleg samarbeid. Det vert drøfta om ein skal halde fysiske samlingar på begge temasamlingane. Fordelane med fysiske møter er at ein i større grad kan reflektere saman, samt at det kan bidra til større engasjement. Gjennom digitale samlingar når ein derimot ut til fleire deltagarar, samt at det fører til mindre kostnader og ressursbruk. Det er einighet for å foreslå temasamling om implementering vår 2022, samt ta temasamling om lovverk med til drøfting i styringsgruppemøte.</p> <p><b>Digitalt årsmøte for barnevernsleiarar</b><br/>I 2021 vart det heldt eit digitalt møte der alle barnevernsleiarane vart invitert til å gje innspel til styringsgruppa sitt mandat og kva læringsnettverket skulle sette fokus på gjennom 2021. I møtet vart det bestemt at førebuingane til Barnevernreformen skulle prioriterast. Einigkeit om at vi foreslår at vi inviterer til eit slikt møte også i år. Denne forankringa er viktig, samt at det er ein fin arena til å informere ut om kva planar vi har for 2022 og få direkte innspel på om dette møter dei behova som leiarane meiner tenestene og prosjekta har. Da har vi ein moglegheit til å justere oss slik at aktivitetane møter dei reelle behova.</p> <p><b>Kor mange møter treng Ressursgruppa i 2022?</b></p> <p><b>Ressursgruppemøter i 2022</b><br/>I 2021 har det vidare vore gjennomført 4 møter i ressursgruppa, samt eit utvida ressursgruppemøte saman med Rogaland. Det er einigkeit om å fortsette med 4 møter i ressursgruppa, der eit av møta er fysisk. Det er også einigkeit om å halde eitt utvida ressursgruppemøte med Rogaland. Det vert stilt spørsmål til om det er meir hensiktsmessig med noko færre aktørar på dette møtet, noko ein ikkje landa eller reflekerte ytterlegare på i dette møtet.</p> <p>Det vert lagt fram viktigeita av å fastslå datoar for dei ulike aktivitetane tidleg, for at flest mogleg av representantane frå kompetansemiljøa kan delta. Det vert òg lagt fram eit ønskje frå Barnehuset om å helde ressursgruppemøta om morgonen. Det er også viktig at kompetansemiljøa er raske med tilbakemeldingar på forslaget me no sender ut om moglege datoar for aktivitetane om det ikkje skulle passe. Forsøker og ha datoar klare til årsmøtet, og at vi kan legge dei ut på nettsida for læringsnettverket innan utgangen av januar 2022.</p> |  |
| 6. | <p><b>Mal for samarbeidsavtale</b></p> <p>Mal for samarbeidsavtale er sendt ut til representantane av ressursgruppa før møtet. Malen er eit tilbod som utviklingsprosjekta og kompetansemiljøa kan gjere bruk av om dei ønskjer.</p> <p>Hanne frå RKBU seier at i nokre høve vil truleg kommunane ha andre malar dei ynskjer å bruke og at dei har fleire erfaringar på at det kan være hensiktsmessig. Men at denne malen kan være eit godt supplement der dei ikkje har andre malar, og at</p>   | <p><b>Konklusjon:</b><br/>Samarbeidsmalen vil leggast ut på Statsforvaltaren si nettside og evaluerast hausten 2022.</p> |

|    |   |  |  |
|----|---|--|--|
|    |   | <p>det også vil være litt avhengig av kva type samarbeid det er snakk om.</p> <p>Bente C frå SF seier at malen er berre meint som eit forsøk på å bidra til at viktige avklaringar blir gjort når utviklingsprosjekt og kompetansemiljø skal inngå samarbeid. Det er fritt fram å bruke andre malar, eller å gjere tilpassingar i den malen som no vert gjort tilgjengeleg.</p> <p>Representantane av ressursgruppemøte hadde ingen forslag til endring på samarbeidsmalen. Høgskulen har allereie starta med å teste ut malen, gode erfaringar så langt. Samarbeidsmalen vil leggast ut på Statsforvaltaren si nettside og evaluerast hausten 2022.</p> |  |
| 7. | <b>Mal for forespørsel</b>  | <p>Det har vore drøfta om ein skal lage ein mal for førespurnad frå utviklingsprosjekt til kompetansemiljø med ønske om bistand og hjelp. Dette for å hjelpe kommunane litt til å spisse førespurnadane sine, samt kanskje samstundes få noko rettleiing på kva det kan vere aktuelt å be om hjelp til. Malen er eit tilbod som utviklingsprosjekta og kompetansemiljøa kan gjere bruk av om dei ønsker.</p> <p>Utkast til mal for førespurnad er sendt ut til representantane av ressursgruppa før møtet. Det kom ikkje inn forslag til endringar.</p>  | <b>Konklusjon:</b><br>Mal for førespurnad om bistand frå kompetansemiljø vil leggast ut på Statsforvaltaren si nettside og evaluerast etter 6 månader. |
| 8. | <b>Poster mal – presentasjon av prosjektene - rapportering smal</b> | <p>Vi utsett denne saken til neste møte.<br/>         Utviklingsprosjekta har ein frist for å rapportere til Statsforvalteren innan 01.02.2022, vi vil sende ut ein påminning og mal for rapportering i løpet av desember 2021.</p>  | <b>Vi utsett denne saka.</b>   |

#### Medlemmar i ressursgruppa:

| Namn:                    | Representerer:                          | Deltok på møtet: |
|--------------------------|---|------------------|
| Hege Sundt               | Høyskolen på Vestlandet, campus Sogndal | Ja               |
| Vibeke Samsonsen         | Høyskolen på Vestland, campus Bergen    | Nei              |
| Linda Renate Kvalvik     | RVTS                                    | Nei              |
| Jorid Bjørkås            | NUBU                                    | Ja               |
| Astrid Toft              | KS Vestland                             | Nei              |
| Berit Hognestad Haaland  | Bufetat                                 | Nei              |
| Unni Strandman           | NORCE – RKBU Vest                       | Nei              |
| Heidi Eriksen Losnedal   | Barnehuset i Bergen                     | Ja               |
| Brita Leivestad          | KoRus                                   | Nei              |
| Anette Christine Iversen | Universitetet i Bergen - HEMIL          | Ja               |

|                    |                         |     |
|--------------------|-------------------------|-----|
| Torill Svendsen    | Askøy kommune           | Nei |
| Bjarte Gangeskar   | Stadt kommune           | Nei |
| Bente Cecilie Foss | Fylkesmannen i Vestland | Ja  |

Vara for ressursgruppas medlemmer:

| Namn                   | Represepterer:                          | Deltok på møtet: |
|------------------------|---|------------------|
| Louise Bratlie         | Bufetat                                 | Nei              |
| Marita Brekke Skjelvan | Høyskolen på Vestlandet, campus Sogndal | Nei              |
| Kristin Ryngøye Matre  | Høyskolen på Vestlandet, campus Bergen  | Ja               |
| Frode Kyrkjebø         | KS Vestland                             | Nei              |
| Bente Styve Pettersen  | NUBU                                    | Nei              |
| Ragnhild Bjørknes      | Universitetet i Bergen - HEMIL          | Nei              |
| Marte Knag Fylkesnes   | NORCE – RKBU Vest                       | Nei              |
| Randi Abrahamsen       | KoRus                                   | Nei              |
| Eirin Baugstø          | Barnehuset i Bergen                     | Nei              |
| Cathrine Eide          | RVTS                                    | Nei              |

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss og Silje Samland den: 29.11.2021

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 08.12.2021